

# JORAMO BYGDEALMENNING

## ÅRSMELDING 2007

### ADMINISTRASJON

#### **Styret:**

*Endre Amundgård* – leiar (2004 – 2008)  
*Birger Brækken* – nestleiar (2006 – 2010)  
*Jørn Martin Joramo* (2004 – 2008)  
*Reidar Brækken* (2004 – 2008)  
*Eva Marit Nordlie* (2006 – 2010)  
*Tor Ivar Hovhaugholen* (2006 – 2010)

#### **Varamedlemer 2006 – 2010:**

1. *Odd Kronberget*
2. *Pål Terje Haakenstad*
3. *Tor Bøe*

#### **Varamedlemer 2004 – 2008:**

1. *Per Nørstebø*
2. *Nils Gråberg*
3. *Oddleiv Hovhaugholen*

#### **Valkomite:**

*Jon Arnt Kullungstad*  
*Anne Elisabeth Sønstebø*  
*Bjørn Hage*

#### **Dovre elgutval:**

*Tor Ivar Hovhaugholen*

#### **Jorkvitlan grunneigarlag:**

*Endre Amundgård*

#### **Snøhetta villreinutvalg:**

*Bjørn Idar Selsjord* (Dovre sin representant i utvalet (innvalt i 2004 då han var styremedlem i Joramo bygdealmening)).

#### **Revisor:**

*Ola Jakob Myhre*, Lillehammer

#### **Styrehonorar:**

Kveldsmøte:	kr	400
Dagmøte inntil 4 t.:	"	500
Dagmøte 2-4 t.:	"	700
Dagmøte 4-6 t.:	"	900
Leiargodtgjersle:	"	7.000
Telefongodtgjersle leiar:	"	1.000

#### **Kontor:**

*Narve Tveiten* (60% stilling - ålmenningssstyrar)  
*Kari Lothe* (10% stilling - kontormedarbeidar)

Det er halde 11 styremøte og 69 saker er behandla. Årsmøte vart halde på Joratunet 19. april med 4 styremedlemer og 4 andre bruksrettshavarar til stades.

## **SPESIELLE STYRESAKER I 2007**

### ***Prosjekt «Skogprogram for Lesja og Dovre»***

Styrar har saman med andre lokale aktørar arbeidd med å få til eit prosjekt som går på betre utnytting av skogen i Lesja og Dovre. Gruppa har vore i møte med Oppland fylkeskommune, Innovasjon Norge og Regionkontoret for å få finansiert prosjektet. Alle var forsåvidt positive til prosjektet, men når dei likevel ikkje fann å kunne støtte prosjektet var det fordi dei meinte at måla for prosjektet var kommunalt ansvar. I februar la gruppa fram prosjektet for formannskapa i Lesja og Dovre, men dei kommunale politikarane viste lita interesse. Gruppa har etter dette lagt ned arbeidet med prosjektet. Styrar har istaden gått vidare med ei av målsetjingane i prosjektet; utbyggjing av biovarmeanlegg i Lesja og Dovre

### ***Samarbeid om bioenergi i Lesja og Dovre***

I midten av november vart styra i Dovreskogen bygdealmening, Lesja skogeigarlag, Dovre skogeigarlag og skogbruksleiar invitert til møte på Joratunet om samarbeid om bioenergi i Lesja og Dovre. Prosjektleiar hjå Fylkesmannen, Ronny Hagen, gav ei kort innføring i emnet bioenergi. Sjefskonsulent Halvard Felde frå Norsk Energi avd. Gjøvik orienterte om varmeplan for Dombås. Prosjektleiar Roar Nilstad orienterte om planane for oppvarming i den nye industrihallen for Kvalsvik Produksjon. Det vart og orientert om plan for konvertering til vassbore varme i kommunale bygg i Lesja sentrum.

Møtet vart følgd opp med nytt møte sist i november. På dette møtet vart det bestemt å nedsetje eit arbeidsutval som skulle arbeide vidare med bioenergisamarbeid. I tillegg til skogeigarane er sagbruksnæringa representert i gruppa. Styrar er Joramo bygdealmening sin representant i gruppa.

### ***Treningsstudio ved Joramo Utmarkssenter***

Styret er positive til ein ide frå styrar om treningsstudio i ledige kontorlokale ved Joramo Utmarkssenter. Styrar har hatt kontakt med Aktiv Otta for å vurdere moglegheitane for å få til dette. Det er danna ei lita gruppe som skal arbeide vidare med ideen. Gruppa hadde fyrste møtet i desember

### ***Felles skogbrukssjef for Lesja og Dovre***

Styrar har teke initiativ til å få kommunane til å ta opp att samarbeidet om felles skogbrukssjef for Lesja og Dovre. Lesja sa opp samarbeidsavtala med Dovre i 1998. Dovreskogen bygdealmening, skogeigarlaga, skogbrukssjefar og skogbruksleiar er invitert til å drøfte spørsmålet.

### ***Samarbeidstiltak ved Jora jernbanebru***

Styret tok for eit par år sidan initiativ til å få gjort meir ut av Jora jernbanebru som attraksjon. Ålmenninga rydda skog på båe sider av brua, slik at byggverket vart meir synleg. Jernbaneverket rydda innanfor jernbanegjerdet. Dovre kommune vart så invitert til eit samarbeid om å lage til ein litt større plass med informasjonstavle og parkering for bilar/buss, og eventuelt anlegg for ljusetjing av brua. Prosjektet har dessverre stoppa opp pga av at kommunen ikkje vil stå ansvarleg for framtidig vedlikehald og renovasjon.

### ***Omdisponering av skogareal til dyrkingsjord og kulturbeite***

Søknad frå Øyan fellesbeite om dyrkingsjord i ålmenninga, førte til at styret valte å ha ein brei gjennomgang av spørsmålet om utvisning av dyrkingsjord og kulturbeite. Etter befaringar i aktuelle område for dyrking, konkluderte styret med at det etter ei heilheitsvurdering ut frå tilgang til aktuelle dyrkingsareal og likebehandling av bruksrettshavarane, ikkje er rett å gå inn for omdisponering av skogareal til dyrkingsjord og kulturbeite. Eitt styremedlem var ikkje samd i dette, og gjekk inn for slik omdisponering.

### **Dombås Ammunisjonslager**

Det er inngått avtale mellom Snøhetta Næringspark og Joramo bygdealmening om leige av det tidlegare ammunisjonslageret til maskinstasjon og til utvikling av ny næringsverksemd. Leigetakar betaler festeavgift etter *utbygd* areal, og er på nivå med det Forsvaret betalte for heile arealet..

### **BRUKSRETT**

Pr. 31.12.2007 var det 112 bruk i Lesja og 48 bruk i Dovre som har bruksrett i Joramo bygdealmening, i alt 160 bruk. Dette 3 bruk mindre enn året før.

*Holten 125/4* er overteke av Oddgeir Hovhaugholen som frå før eig Bøloghaug 124/7 i Lesja.

*Paulseng 119/2* er overteke av Morten Hovhaugholen som frå før eig Hovhaugholen 121/2.

*Randen 1/79* i Dovre er selt, men bebyggelse med tomt er frådelt, slik at eigedommen ikkje lengre har bruksrett.

Det er innvilga kr 255.402 i *bruksrettsfordel*. Bruksrettsfordelen er 35% av dokumenterte materialutgifter som før. Styret arbeider med nye retningsliner for bruksrettsytingar og tilskot.

Det er *utvist ved* i form av hogst på rot til 23 bruksrettshavarar. 3 bruksrettshavarar har fått utvist massevyrkje.

Oversyn over *beitebruk* (fjorårstal i parentes):

1819 (1657) søyer og lam har gått på beite i ålmenninga. 73 (27) søyer og 164 (109) lam gjekk tapt.

Som før er det store tap pga rovdyr, og for fyrste gong er det dokumentert søyer drepe av bjørn.

I tillegg har 201 (231) storfe og 8 (0) geiter beita i ålmenninga.

### **SKOGENS DRIFT**

#### **Skogkultur**

Det er *markbereidd* 71 da nedanfor Svenskebakken. Det er *avstandsregulert* og *rydda* i fleire bestand i Kvislan.

#### **Skogsdrifter sesongen 2006/-07.**

##### **1. Snauhogst synna Setervegen/ovanfor Bommen (drift: Petter Skotte og Stig Rise):**

#### **Inntekter**

<b>Sortiment</b>	<b>Volum m3</b>	<b>%</b>	<b>Verdi:</b>	<b>Snittpris:</b>
Massevyrke	299,22	45	59 843	200,00
Sagtømmer sams	193,02	29	82 912	429,55
Utlegg	23,30	4	4 194	180,00
Sagtømmer toppmålt	103,18	16	50 815	492,49
Sagtømmer	32,98	5	11 558	350,45
Vrak	7,33	1		0,00
Lengde-/diameteravdrag	1,47	0		0,00
<b>Brutto totalt</b>	<b>660,50</b>	<b>100</b>	<b><u>209 322</u></b>	<b><u>316,91</u></b>

#### **Utgifter:**

Driftsutgifter	651,70		84 720	130,00
Måleutgifter	659,03		2 395	3,63
Avvirkningsavgift	0,00		3 276	0,00
FOU-avgift	651,70		653	1,00
<b>Sum utgifter</b>			<b><u>91 044</u></b>	<b><u>137,84</u></b>
<b>RÅNETTO</b>			<b><u>118 278</u></b>	<b><u>179,07</u></b>

## 2. Frørestillingshogst synna Ammunisjonslageret (drift: Reidar Vestad Maskindrift):

### Inntekter

Sortiment	Volum m3	%	Verdi:	Snittpris:
Massevyrke	232,00	52	46 400	200,00
Sagtømmer sams	108,80	25	48 836	448,86
Utlegg	12,05	3	2 109	175,02
Sagtømmer	16,61	4	6 470	389,52
Laffetømmer	63,00	14	44 100	700,00
Vrak	10,97	2		0,00
Lengde-/ diameteravdrag	1,50			0,00
<b>Brutto totalt</b>	<b>444,93</b>	<b>100</b>	<b>147 915</b>	<b>332,45</b>

### Utgifter:

Driftsutgifter	432,46		51 893	119,99
Måleutgifter	380,43		1 223	3,21
Avvirkningsavgift	0,00		1 796	0,00
FOU-avgift	432,46		433	1,00
<b>Sum utgifter</b>			<b>55 345</b>	<b>124,39</b>
<b>RÅNETTO</b>			<b>92 570</b>	<b>208,06</b>

I tillegg er det selt ca 69 m3 massevyrke som ikkje er innmålt gjennom tømmermålinga. I alt er det selt 1174 m3 tømmer.

Elles er det teke ut om lag 80 m3 bruksrettved som hogst på rot. Totalt er det hoggje litt i underkant av balansekvantumet på 1280 m3 etter skogbruksplanen.

## JAKT

### Elg- og hjortjakt

#### Fjellfeltet:

Lag: Roar Nilstad

Kvote: 1 eldre ukse og 1 kalv/ungdyr. 1 tilleggsdyr.

Felling: 1 unguke (131 kg) og 1 eldre ukse (18 takkar - 284 kg).

Tilleggsdyr: Ungukse (140 kg).

#### Skogfeltet:

Lag: Endre Amundgård

Kvote: 1 yngre ukse ,1 kalv/ungdyr og 2 hjort. 1 tilleggsdyr.

Felling: 1 ungvokse (130 kg) og yngre ukse (140 kg).

Tilleggsdyr: Ungukse (138 kg)

### Spesiell hjortjakt

Laget til Odd Kronberget jakta hjort i perioden 01.11 - 15.11. da ingen dyr var felt pr. 31.10.. Jakta vart resultatlaus.

### Småviltjakt

#### Oversyn over kortsal:

Korttype:	Prisar (u.b./i.b./br.r.)	Utanbygds:	Innanbygds:	Bruksrett:
Sesongkort med hund (rupe+hare)	700/350/(100)	16+13	8	3
Sesongkort utan hund	600/300/(100)	11	4	4
3-dagars kort med hund	350/-----/-----	5		
3-dagars kort utan hund	250/-----/-----	3		
Snurrufangst	250/250/(100)		2	

### Resultat etter leverte fangstoppgåver (tal for 2006 i parentes):

Hare: 8 (4) stk. på 46 (48) jakt dagar fordelt på 9 (8) jegerar.

Rupe: 152 (158) stk på 168 (97) jakt dagar fordelt på 43 (29) jegerar.

Bestandsvurdering frå jegerane: Middels god bestand av hare - middels god/god bestand av rupe.

### **Reinsjakt**

*Snøhetta:*

Kvote: 2 frie dyr, 1 kluffbukk, 6 simle/ungdyr og 5 kalv.

Felling: 3 eldre bukk ( fellingsprosent=20)

*Rondane nord:*

Kvote: 1 fritt dyr <50 kg, 1 simle/fritt dyr<50 kg og 1 kalv.

Felling: 1 yngre bukk ( fellingsprosent=33)

### **Rådyrjakt**

Kvote: 5 dyr

Lagjakt felt 1 (sør for E136): *Odd Kronberget*

" " 2 (nord for E136): *Kjell Svendsen*

Individuell bukkejakt (sør for E136): *Odd Kronberget*

Felling: 3 bukkar, 1 bukkekilling og 1 geitkilling.

### **Rovdyrjakt**

Det er skrive ut 1 rovdrykort for sesongen 2005/2006.

Det er ikkje rapportert om felling eller fangst av rovdry.

## **KONTORUTLEIGE**

### **Leigetakarar pr. 31.12.2007:**

Mjøsen Skog: *Kim Berget - skogbruksleiar*

Lesja og Dovre Forsøksring: *Leif Martin Svisdal - ringleiar*

Q-meieriene: *Kari Austvik - rådgjevar*

Tore Amundgård (snikring/lafting): *Tore Amundgård*

Tre kontor står tomme.

## **ØKONOMI**

Rekneskapan for 2007 syner eit overskot på kr 87.421.

Utbetalt bruksrettfordel for 2007 er kr 255.402. Gjennomsnitt for dei førre tre åra er kr 140.573.

Resultatet av skogsdriftene for sesongen 2006/ 2007 syner ein gjennomsnittleg rånetto på 194 kroner pr. kbm. Uttaket av tømmer for sal i rekneskapsåret 2007 er 1174 m<sup>3</sup>.

Rekneskapan for kontorbygget syner eit underskot på kr 42.852. Underskotet vart litt mindre enn frykta avdi eitt ledig kontor er bortleigd til Tore Amundgård, Kjøremsgrende f.o.m. 01.10.

Tilgangen på likvide midlar er god. Pr. 31.12.07 var inneståande beløp i bank og kasse kr 1.399.606.

Det er ein oppgang på kr 426.789 i høve til året før.

Marknadsverdien av aksjane i Norske Skog er kr 150.195 (ned kr 207.138).

Betalbar kortsiktig gjeld er kr 169.399 (opp kr 42.932)

Kortsiktige krav er kr 93.680 (ned kr 219.162)

Joramo Utmarksenter, 12. mars 2008

Endre Amundgård  
styreleiar

Birger Brækken  
nestleiar

Reidar Brækken

Jørn M. Joramo

Eva Nordlie

Tor Ivar Hovhaugholen

Narve Tveiten  
ålmenningsstyrar